

Prosedyre

Opplæringslova § 9A Elevane sitt skulemiljø

- Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring (§ 9A-2).
- Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.
- Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapittel vert oppfylt. Rektor har ansvar for at dette vert gjort. (§ 9A-3).

Krenkingar:

- Direkte handlingar både fysisk, psykisk og verbalt retta mot eleven.
- Indirekte krenkingar som utestenging, isolering og baksnakking.

Eleven si subjektive oppleving leggjast til grunn i saka.

(Prop.57 L (2016-17))

§9A-9 Informasjonsplikta			
Kva?	Korleis?	Når?	Ansvar
Informasjon om at elevane har rett til eit trygt og godt skulemiljø	Informasjon til alle tilsette på skulen ved oppstart nytt skuleår, og som informasjon ved tilsetting iltå året. Tilsette signerer på dette.	Planleggingsveka ved oppstart nytt skuleår, og ved nyttilsetting	Rektor
	Informasjon på foreldremøte.	Kvar haust	Rektor
Informasjon om aktivitetsplikt	Informasjon til skulemiljøutval/ samarbeidsutval, FAU og elevråd.	Kvar haust	Rektor
Informasjon om høve til å melde sak til statsforvaltaren etter at saka er teken opp med rektor minimum ei veke før	Haldast informert på status skulemiljøsaker og jobbe målretta med skulemiljøtiltak året gjennom.	Fast sak på sakliste året igjennom	
	Kontaktlærarane informerer sine elevar.	Kvar haust	Kontaktlærarane
Informasjon om tilhøve ved skulen som kan skade helsa til elevane	Alle føresette får melding via Visma Flyt Skule om kvar dei finn informasjon om kapittel 9A.	August – september	Rektor
	Informasjon på heimesida til Høyanger kommune og på heimesidene til kvar einskild skule	Frå hausten 2017	Kommunalsjef oppvekst
	Føresette og tilsette får melding via Visma. Samarbeidsutval og skulemiljøutval, og elevråd skal haldast informert og takast med i arbeidet med skulemiljøtiltak så tidleg som mogleg.	Snarast mogleg når tilhøve oppstår	Rektor

§9A-4 Aktivitetsplikta for å sikra at elevar har eit trygt og godt skulemiljø			
Kva?	Korleis?	Når?	Ansvar
Plikt til å følgje med	<p>Alle tilsette (skule, SFO, andre) vert informert om kap. 9A.</p> <p>Tilsette har dagleg ansvar for å følgje med på korleis elevane har det på skulen. Inspeksjon i friminutta etter skulen sin inspeksjonsplan.</p>	<p>Kvart år før skulestart</p> <p>Dagleg</p>	<p>Rektor</p> <p>Alle tilsette</p>
Plikt til å gripe inn	Alle som jobbar i skulen har plikt til å gripe inn ved vald, mobbing, diskriminering eller trakassering.	Når situasjonar oppstår	Alle tilsette
Plikt til å varsle	<p>Alle som jobbar på skulen skal varsle næraste leiar (som varslar rektor), dersom ein får kjennskap eller mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.</p> <p>Rektor må dokumentere at varsel er motteke og arkivert via websak+. (Skulemiljø; varsel som gjeld elev, varsel som gjeld tilsett)</p> <p>Rektor skal varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle.</p>	<p>Når mistanke eller kjennskap oppstår.</p> <p>Når varsel vert mottatt.</p> <p>Når det oppstår alvorlege tilfelle</p>	<p>Alle tilsette</p> <p>Rektor</p> <p>Rektor</p>
Plikt til å undersøke	<p>Ved mistanke om eller kjennskap om at ein elev ikkje har eit godt skulemiljø, skal skulen undersøke saka. Undersøkinga skjer i samarbeid mellom rektor, kontaktlærar evt. faglærar.</p> <p>Dersom føresette samtykkjer kan skulen sine samarbeidspartar (helsesjukepleiar og/eller PPT) delta i samarbeidet om undersøkinga. Skal PPT involverast må skulen sende inn tilvising på system- eller individsak til PPT.</p> <p>Dokumentasjon skal lagrast i dei kommunale sikkerheitssonene som gjeld for tenesteområdet oppvekst. (Websak + jf. prosedyre i meldeskjema)</p> <p>Undersøkinga kan innehalde:</p> <ul style="list-style-type: none"> - samtale med elev - samtale med lærar / tilsette som kjenner eleven / saka godt - samtale med involverte elevar - samtale med eleven sine føresette - samtale med medelevar om det generelle psykososiale miljøet i 	Når kjennskap eller mistanke oppstår	Rektor og kontaktlærar



	<p>klassen eller på skulen</p> <ul style="list-style-type: none"> - observasjonar, sosiogram, m.m. - ved digital mobbing vurderast det om politiet skal koplast inn <p>Undersøkinga endar i ein skriftleg konklusjon som dannar utgangspunktet for tiltak, dette lagrast i websak+.</p>		Rektor
Plikt til å setje inn tiltak	<p>Det skal lagast ein skriftleg tiltaksplan.</p> <p>Tiltaksplanen skal innehalde:</p> <ol style="list-style-type: none"> a) Kva problem tiltaket / tiltaka skal løyse b) Kva tiltak skulen har planlagt c) Når tiltaka skal gjennomførast d) Kven som er ansvarleg for gjennomføring av tiltaka e) Når tiltaka skal evaluerast <p>Aktivitetsplanen skal vere skriftleg og gjelde fram til eleven har eit fullt ut trygt og godt skulemiljø, der alle partar samtykkjer i at problemet er løyst. Det opprettast ny aktivitetsplan etter kvart som tiltak vert endra, desse vert merka med nr. slik at det kjem tydeleg fram kva som er endring/ status i saka.</p> <p>Skulen skal fatte enkeltvedtak for tiltak som grip inn i rettane og pliktene til eleven, til dømes bortvising eller byte av skule.</p>	<p>Tiltak skal setjast i verk dersom ei undersøking syner at det er trong for det eller når ein elev eller føresett på vegne av eleven melder frå at skulemiljøet ikkje er trygt og godt</p> <p>Aktivitetsplikta skal oppdaterast med nummer etter kvart som endring vert gjort.</p>	<p>Rektor</p> <p>Rektor</p>
§ 9A-5 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen krenker ein elev			
Kva?	Korleis?	Når?	Ansvar
Plikt til å varsle, undersøke og setje i gang tiltak ved mistanke om at tilsett utset elev for krenking	<p>Ved mistanke eller kjennskap til at nokon som arbeider ved skulen utset ein elev for krenking skal rektor varslast straks.</p> <p>Rektor skal med det same varsle skuleeigar munnleg og skriftleg om at ein har fått ei 9A-5 sak. Dokumentasjon skal lagrast i dei kommunale sikkerheitssonene som gjeld for tenesteområdet oppvekst.</p> <p>Undersøking og tiltak skal setjast i verk straks. Når undersøkinga er gjennomført må rektor vurdere om prosedyre for klage på medarbeidar skal tre i kraft (prosedyre).</p> <p>Rektor må dokumentere at varsel er sendt, motteke og arkivert i Websak+</p>	<p>Når mistanke oppstår</p> <p>Når nokon i skuleleinga står bak</p>	<p>Alle tilsette (skule, SFO, leksehjelp)</p> <p>Rektor</p> <p>Rektor</p> <p>Rektor</p> <p>Kommunalsjef oppvekst</p>



	<p>for slik sikre at det vert dokumentert og at skuleeigar har tilgang til informasjon i saka.</p> <p>Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigar varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks. Skuleeigar og varslar dokumenterer varselet i dei digitale kommunale sikkerheitssonen som gjeld for oppvekstsektoren.</p>	krenking av elevar	
§ 9A-7 Fysisk miljø			
Kva?	Korleis?	Når?	Ansvar
Fysisk miljø	<p>Dersom elevar eller føresette ber om tiltak om å rette på skulen sitt fysiske miljø, skal skulen snarast handsama saka som enkeltvedtak</p> <p>Lokale vernerundar og kontrollar sjekkar ut elevane sitt fysiske miljø.</p>	<p>Når det kjem ein førespurnad</p> <p>Årleg</p>	<p>Rektor, ev. saman med kommunalsjef oppvekst</p> <p>Rektor og verneombod</p>
§ 9A-8 Elevdeltaking i skulemiljøarbeidet			
Kva?	Korleis?	Når?	Ansvar
Elevdeltaking	<p>Elevane skal ta del i planlegging og arbeide for eit trygt og godt skulemiljø.</p> <p>Skulane etablerer elevråd og vel representantar til SMU.</p> <p>Elevrådet vert etablert seinast tre veker etter skulestart.</p>	<p>Møteplan til elevrådet og skulemiljø-utvalet</p>	<p>Rektor</p>
§ 9A-10 Ordensreglement			
Kva?	Korleis?	Når?	Ansvar
Ordensreglement	<p>Kommunen har eiga forskrift til ordensreglement (felles reglar / basis for alle skulane). Kvar skule nyttar desse felles reglane som utgangspunkt for ordensreglement ved eigen skule. - skulane kan ha egne vedlegg til dette.</p> <p>Skulen sitt ordensreglement skal gjerast kjent for elevar og føresette ved skulestart. (Samtykkeskjema i VFS)</p> <p>Det er sanksjonar som er nemnde i ordensreglementet som kan nyttast.</p>	<p>Revidering og påfølgjande høyringsrunde ved trong. Sist revidert januar 2022</p>	<p>Kommunalsjef oppvekst</p> <p>Rektor</p> <p>Rektor</p>



- Alle skulane har sosial kompetanseplan, desse inneheld planar for førebygging og handlingsskapande tiltak/arbeid.
- Skulane har felles mal for aktivitetsplan som dei tek utgangspunkt i når slik plan skal lagast.
- Skulane har eigne lokalt tilpassa inspeksjonsreglement / rutine for inspeksjon.